

Kyrkjelydsbladet for Balestrand

Nr 2/3-2018

Årgang 48



INNHALD

Andakt av Magni Åm Risa – Ein ny start	3
Kyrkjelydstur til Lyngmo med Ingvald A Frøyen	4
Kyrkje- og misjonsdag på Alværa	8
Ledig stilling som diakonimedarbeidar	8
Tid for tru våren 2019	9
Den nye kapellane - Darren McCallig	10
Minne og helsing frå Hyllestad	12
Frimodig kyrkje- intervju	14
Framsyinga Maria Magalena i Tjugum 9. april	15
Arbeidet i kyrkjeleg fellesnemnd - samanslåing	16
Kyrkjestova på Tjugum - utsmykking og servise	17
Kyrkjevalet 2019. Endring i soknerådsoppgåver	18
Nytt frå Mali jf misjonsavtale med NMS	20
Minne frå skulelaget LOGOS 1966-68	22
Dugnader	24
Konfirmant 2019	25
Glimt frå trusopplæringa	26
Berre livet igjen. Kirkens Nødhjelps juleaksjon	28
Kyrkjelydspedagogen si side	29
Diakonimedarbeidar har slutta. Annonser	30
Konfirmant 2018 - bilete	31
I glede og sorg	31
Gudstenesteplan	32

Kyrkjelydsbladet for Balestrand

Utgjeve av Balestrand sokneråd
Nr 2/3 - 2018 - 48 årgang

Redaksjonsutval

Helge Eilifsen, Kjell Helland og
Jostein Risa (kyrkjeverje)

Abonnement

Normalt tre utgjevingar i året (vår, sommar/haust, jul)
Fulldistribusjon i kommunen i tillegg til ikring 80
utanbygds abonnentar.
Bladpengar: kr.200 per år (friviljug) til konto:
3805.10.32583.

Trykk / oppsett

Ingvald Husabø Prenteverk, Leikanger

Annonser

Små annonser kr. 450, store annonser kr. 800.
Heilside etter avtale.

Framsidedfoto:

Utsikt frå Raudmelen i retning Fjærlandsfjorden. Ein ser
dagsturhytta nede til høgre. Foto: Magni Åm Risa (26.
oktober 2018).



DEN NORSKE KYRKJA

Balestrand sokneråd

KONTAKTINFORMASJON

Balestrand kyrkjekontor

Kjerneopningstid:

Tysdag-fredag kl. 10 - 14

Sjøtunsvegen 6, 6899 BALESTRAND

Telefon: 57 69 15 48

E-post: kontor@balestrand.kyrkja.no

Heimeside: www.balestrand.kyrkja.no

Prost Kjetil Netland

(ansvar for prestetenesta i Balestrand)

Telefon kontor: 57 69 16 80

Mobiltelefon: 911 03 134

Jobbar deltid for tida. Ring for avtale

E-post: sokneprest@balestrand.kyrkja.no

Kyrkjeverje/dagleg leiar Jostein Risa

(80 % stilling)

Telefon kontor: 57 69 15 48

Mobiltelefon: 920 60 832

E-post: kyrkjeverje@balestrand.kyrkja.no

Organist Ole Agnar Helland

(30 % stilling)

Mobiltelefon: 984 16 333

E-post: organist@balestrand.kyrkja.no

Diakonimedarbeidar (VAKANT)

10 % stilling. Sjå utlysing i dette nummeret.

E-post: diakon@balestrand.kyrkja.no

Kyrkjelydspedagog Magni Åm Risa

(25 % stilling)

Mobiltelefon: 466 97 476

E-post: klped@balestrand.kyrkja.no

Kyrkjetenar Fisseha Weldeyohannes

Andemichael

(25 % stilling)

Mobiltelefon: 450 27 235

E-post: kyrkjetenar@balestrand.kyrkja.no

Leiar i Balestrand sokneråd Helge Ulvestad

Mobiltelefon: 971 06 001

E-post: helge.ulvestad@online.no

Heimeside: balestrand.kyrkja.no

Her finn du oppdatert gudstenesteinformasjon,
konfirmantinformasjon, skjema for innmelding av
dåp og vigsel, kyrkjegardsføresegner. Vidare kan
du søkje etter gravlagde på kyrkjegarden, laste ned
årsrapport, dette bladet i pdf-format osv.

EIN NY START

Eit nytt år, ein fødsel, skulestart, ein ny dag - Livet er fullt av nye startar. Det er noko fasinerande og frigjerande ved å kunne starte på nytt.

Så seier Herren: De skal ikkje minnst dei første ting, ikkje tenk på det som hende før. Sjå, eg gjer noko nytt. No spirer det fram. Merkar de det ikkje? (Jesaja 43:18-19)

Det er ikkje sikkert du kjenner trong til å gløyme eller legge noko bak deg. Kanskje er livet nett slik du ynskjer det? Likevel kallar Gud oss til å vende oss bort frå det gamle og la det nye spire fram. Målet er ikkje at vi skal vere misnøgde med det vi har eller den vi er, men «det nye» som Gud tilbyr oss er likevel så mykje betre.

Eg gjev dei eit anna hjarte, og ei ny ånd gjev eg inni dei. Eg tek steinhartet ut or kroppen på dei og gjev dei eit kjøthjarte i staden. (Esekiel 11:19)

Her er det ikkje tale om kosmetiske endringar. Gud ynskjer å forvandle oss radikalt, frå innsida. Jesus døydde for alle mine svik; vonde tankar og ord, alt det eg har gjort og det eg har forsømt, alt som har såra og øydelagt. Han gav oss alle ein ny start.

Om nokon er i Kristus, er han ein ny skapning. Det gamle er borte, sjå, noko nytt har vorte til. (2.Kor. 5:17)

Er eg ein ny skapning i Kristus? Har Jesu offer endra meg, eller er eg «den same gamle»? Har eg eit nytt tankesett, eit nytt fokus? Det handlar ikkje lenger berre om oss sjølve og våre behov. Å leve i det nye er både ei gåve og eit ansvar.

Lev ikkje som før, men legg av det gamle mennesket som blir fortært av dei forførande lystene. Bli ny i sjel og sinn! Kled dykk i det nye mennesket, som er skapt etter Guds bilete til eit liv i rettferd og heilagdom i samsvar med sanninga. (Ef. 4:22-24)



Utsikt frå Orrabenken. (Foto: Magni Åm Risa.)

Er det mogeleg for meg å leve eit nytt liv i dag?
Han som sit på trona, sa: «Sjå, eg gjer alle ting nye!» Og han sa: «Skriv det opp! For desse orda er pålitelege og sanne.» (Openberringa 21:5)

Han som er til å stole på har makt til å gjere alt nytt. Vi får ein ny sjanse.

Han la ein ny song i min munn, ein lovsong til vår Gud. (Salme 40:4)

Dette er dagen som Herren har gjort; lat oss jubla og gleda oss no! (Salme 118:24)

Til lukke med ein ny start! Lev det nye livet i dag!

Magni Åm Risa
Kyrkjelydspedagog



Ved å dela, blir det meir å dela

Dette var essensen i budskapet dei kring sytti deltakarane på kyrkjelydsturen til Lyngmo helga 7.-9. september fekk med seg. Om vêret ikkje viste seg frå si beste side, så vart den nyss utbygde leirstaden med flotte rom og rikeleg med fellesareal di viktigare. Ingvald A. Frøyen, med preste- og misjonærbakgrunn, talte, og det tredelte temaet for samlingane var SØK - DEL - LEV. Dette knytte han opp mot opplevingar frå misjonsteneste i Mali, presteneste i Noreg og andre erfaringar.

Skuleåret 1979-80 var Frøyen utvekslings-student i Massachusetts, USA. Der budde han hos ein familie der bordbøn og kyrkjegang var ukjent. Dette gav støyten til sjølvstendige val, og på skulen med mange hundre elevar var det godt å få spørsmålet: «Are you a Christian?». Då hadde andre skjøna at han var kristen, og for Frøyen var det viktig å finna sin plass i eit kristent fellesskap. I Mali er 97 prosent av folket muslimar og 3 prosent kristne, og difor er det muslimsk tru og kultur som pregar samfunnet. I muslimsk tradisjon er det fem bønnetider for dagen, og då vil eit liv der det er rom for bøn bli forstått. Ei bordbøn seier mykje. Andre ser at ein takkar for maten og skjønar med det at trua er viktig for deg. For Frøyen har det òg vore fint å hugsa på korleis Daniel reagerte på kong Dareios sitt umogelege krav - då bad han til Gud slik han bruka å gjera, sjølv om det kunne ha kosta livet. Han fortalde også korleis dei truande i Mali

har henta fram att den gamle tradisjonen med tidebøn, med formulerte bønner frå Bibelen som ein bed til faste tider gjennom dagen. Dette har også vore ein god inn- gang til samtalar med muslimar om trua.

SØK

Frøyen gjorde òg orda til den svenske forfattern Magnus Malm til sine egne: «Be slik du kan, og ikkje slik du ikkje kan.» Kjenner me oss att i dei orda og tankane som blir forma til bøn, då kjem det gjerne frå hjarta. Å forstrekkja seg slik at ein misser fotfeste, er ikkje vegen å gå. Kristen tru handlar ikkje om at me skal gjera store ting for Gud, men at me innser at Gud er stor. Marta og Maria valde to ulike vegar til Jesus. Maria sette seg ved Herren føter og lydde på orda hans. Om ho vart det sagt: Den gode delen som ho har valt, skal ikkje takast frå henne. I kontrast til dette står den aktiviteten Marta



la for dagen - den førte til at ho gjekk glipp av noko, sjølv om andre ville nytta godt av hennar innsats. Søkjer ein Gud, handlar det òg om å vera sentralt plassert i livsens mange straumdrag. I Jesus blir viktige livsstråder samla. Jesus seier: «Far min arbeider til denne dag. Også eg arbeider.» (Joh. 5, 17) Jesus går inn i det kaos ein kan finna i verda. Vegen til Gud er ikkje ein veg bort frå menneska, men ein veg både til menneske og Gud. «... ordet er deg heilt nær, i munnen din og i hjarta ditt, så du kan leva etter det.» (5. Mos. 30,15) Jesu møte med menneske i ulike situasjonar sette spor. Det låg dramatik i lufta då kvinna som var gripen i hor vart dregen fram. Men møtet med Jesus redda livet hennar og ho fekk ein ny start. Nikodemus, rådsherre og farisear, hadde eit nattleg møte med Meisteren, men først etter korsfestinga heiser han flagg. Då gir han og Josef frå Arimatea, også ein rådsherre, Jesus ei verdig gravferd.

DEL

Treffpunkta me har med kvarandre er viktige. Skal kristendom bli relevant, handlar det både om å vera ein god nabo, kollega eller ven og å leva ope med si tru. Den ein-skilde sitt nettverk fortel kven ein står i relasjon til. Og møtepunkt i dei ulike nettverka kan vera ein nøkkel til å skjønna korleis evangeliet breier seg. Når ein i Mali vil seia noko om dei mest verdfulle relasjonar, blir det formulert slik: «Kven er det som vil gravleggja deg når du dør?» Det er mogeleg at grunnlaget for den gode jorda, der såkornet gir rik grøde, er livsvandringsspora den kristne lét etter seg. I Forkynnaren står det: «Så ditt såkorn om morgonen, og lat ikkje handa kvila mot kveld. Du veit då ikkje kva som vil lukkast, det eine eller det andre, eller om begge delar er like gode.» (11,6)

LEV

I samfunnet er det mange trendar som går parallelt. Ikkje få er takksame for hjelp som er å få på sjukehus og ordningar som slår inn om ein blir arbeidsledig. Men andre



trekk er utfordrande. Aborttala viser at dei svakaste i samfunnet er mest utsett. Og for unge i dag er det gjerne ikkje nok med god innsats, ein skulle ha vore best og det utan å skilja seg ut - ei umogeleg oppgåve. Frøyen reiste då spørsmålet: I kva retning er kyrkjebygget vendt? Det er i aust sola står opp, og retninga viser at trua er tufta på håpet om ei oppstode. I Peters første brev står det: «Enden på alle ting er nær. Ver difor sindige og edrue, så de kan be» (1. Pet. 4,7) og «Ten kvarandre, kvar og ein med den nådegåva han har fått, som gode forvaltarar av Guds mangfaldige nåde.» (1. Pet. 4,10). Her skildrar Peter det motsette av eit reaksjonsmønster prega av frykt. I staden for å stengja det ukjende og framande ute blir me oppmoda til å vera sindige og gjestfrie og i staden for å teia la Guds ord lyda.

MISJON

Frøyen har førstehandskunnskap om Mali og misjonsarbeidet der, og han kunne fortelja at Nytestamentet no er omsett til fulani. Slikt omsetjingsarbeid er vanskeleg, tidkrevjande og omfattande. Som døme viste han til omsetjinga av det Emmaus-vandrarane sa til kvarandre: «Brann ikkje hjarta i oss då han tala til oss på vegen og opna skriftene for oss.» (Luk. 24, 32). På fulani vil uttrykket «eit brennande hjarta» seia at ein er oppfarande og hissig, der vil uttrykket «eit kjøleg hjarta» gi same meningsinnhald.

Etter å ha lytta til Frøyen sat me att med verdfull kunnskap om misjonsarbeid, og forkynninga gav nye perspektiv på eit liv i etterfølging av Kristus og korleis trua artar seg. Og ved at me var mange til stades ligg det til rette for at impulsane frå kyrkjelydsturen breier seg som ringar i vatn og kanskje vil nå lengre utover enn kva ein i første omgang ser for seg.

*Tekst og foto (portrett): Helge Eilifsen
Andre foto: Jostein Risa*

Fleire glimt frå kyrkjelydsturen til



Vi let bileta tale og skriv her berre i stikkordform:
70 små og store balestrendingar på tur. Flaggheising og song kvar morgon. God undervisning ; Ingvald Frøyen for dei store og kyrkjelydspedagog Magni for dei små. Stor aktivitet i gymsal og aktivitetsrom. God mat. Fjelltur til Molden, bading i Lustrabadet, leik på leikeplassen. Sosialt og god tid til prat. Rikeleg med kaffimat og frukt. Leirkveld med leikar og underhaldning.. Misjonsfokus. Delekveld. Opa gudsteneste. Det vert ny tur i 2020!



Lyngmo september 2018



Foto: Jostein Risa,
Gunn Berit Bothun
(Molden), Magni
Åm Risa (borna)



Den gode samtalen

Dette er temaet på kyrkje- og misjonsdagen på Alværa Misjonssenter laurdag 12. januar kl. 10-16.

Korleis kan vi i kyrkjelydane få meir plass for dialog og samtale? Det er nok mange som under ei gudsteneste kunne hatt lyst til å stille spørsmål eller komme med eigne synspunkt til tekstane. Har vi arenaer der ein kan dele erfaringar og støtte kvarandre i dei mange utfordringane i kvardagen? I kva samanhengar kan dialogen få større plass i kyrkja? Kva kjenneteiknar ein god samtale?



Kyrkje- og misjonsdagen kan sjåast som ein verkstad der ein deler idear og erfaringar. I år vil sjukehusprest Karl Hjelmeland halde hovudinnleiinga. Han er oppteken av «den gode samtalen» og har variert erfaring frå sjømannskyrkja, Hyllestad kyrkjelyd og frå

arbeid som skuleungdomsprest. Som vanleg blir det innspel til temaet frå fleire. Tradisjonen tru vil vi denne dagen også syngje mykje, ete god mat og få tid til å bli kjent med nye menneske. Temadagen vert avslutta med gudsteneste leia av misjonskonsulent Ingvald A. Frøyen kl. 14.30. Deretter blir det kaffi og årsmøte for NMS i Ytre Sogn område.

Set av dagen allereie no, så du ikkje går glipp av ein inspirerende dag i møte med andre frå både Sunnfjord og Ytre Sogn. Meir informasjon kjem til å bli lagt ut på Alværa Misjonssenter si heimeside <http://alvera.no/>, men ein kan melde seg på til Alværa allereie no, telefon 48990661

Områdeutvalet i NMS Ytre Sogn



DEN NORSKE KYRKJA
Balestrand sokneråd

Balestrand kyrkjelyd har eit breitt og variert kyrkjelydsarbeid, sjå www.balestrand.kyrkja.no. Kyrkjestaben i Balestrand består av fem personar i deltidsstillingar. Frå 1.1.2020 vert Balestrand slege saman med Sogndal og Leikanger til nye Sogndal kommune og Sogndal kyrkjelege fellesråd vert arbeidsgjevar for dei kyrkjeleg tilsette.

***Diakoni** er kyrkja si omsorgsteneste. Diakoni er evangeliet i handling og vert uttrykt gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kamp for rettferd.*

Ledig stilling **DIAKONIMEDARBEIDAR** **10 prosent fast stilling**

Balestrand sokneråd søker etter ein diakonimedarbeidar som kan bruke ca fire timar i veka til diakonale oppgåver i kyrkjelyden. Dette er lite, men samstundes viktig for dei som treng tenestene.

Soknerådet har lagt opp til at det vert fokusert på eitt hovudtiltak/prosjekt som vert uforma i lag med den som vert tilsett, til dømes innanfor eitt av dei nemnde felte under:

- Tiltak for born og unge
- Besøk og samtalar
- Tiltak retta mot familiar
- Tiltak for flyktningar
- Koordinering av frivilljuge til diakonale tiltak
- Samlingar for eldre
- Samlingar for menneske med utviklingshemming

Samarbeid med diakoniutval, sokneråd og frivilljuge vil vere viktig for å nå fram til målgruppene.

Vi ynskjer ein person som

- har treårig høgskuleutdanning - helst innan fagfelt som helse, oppvekst, sosialfag eller kyrkjefag
- har engasjement for diakonalt arbeid
- har personlege eigenskapar som gjer ein skikka for stillinga

Oppstart i stillinga: 1.februar 2019 eller etter avtale. For nærare opplysningar, ta kontakt med kyrkjevevjer Jostein Risa på m. 920 60 832.

Søknad med CV og referansar på e-post til: kontor@balestrand.kyrkja.no

Søknadsfrist: tysdag 8. januar 2019

Sjå fullstendig utlysing på balestrand.kyrkja.no

Ny tid for tru

I januar 2019 er det på ny «Tid for tru».
No kan du få vite meir om Johannesevangeliet, eit av dei mest kjende skriftene i Bibelen. Spanande undervisning er ramma inn av kveldsmat og samtale i grupper.

Kjetil Netland og Gunn Berit Bøthun har gjennom fleire rundar med «Tid for tru» engasjert tilhøyrarane med engasjert formidling, ny kunnskap og nye vinklingar. Kjetil Netland er prost i Sogn prosti, og er attende i deltid etter ein sjukdomsperiode. Gunn Berit Bøthun er lærar ved Sygna, med mellom anna historie og kristendom i fagkrinsen.

Samlingane går føre seg på bedehuset, men har ei anna form enn eit vanleg bedehusmøte. Vi sit rundt småbord og startar kvelden med å ete kveldsmat i lag. Det har vore god og avslappa stemning og Kjetil understrekar at det ikkje er krav til forkunnskapar. Eit viktig poeng er at ein ikkje berre treng høyre på, men også får høve til å lufte tankar om det ein har høyrte med andre rundt borda, stille spørsmål og kome med innspel. På slutten er det oppsummering i plenum.

Vi spør Kjetil Netland om kva som særpregar Johannesevangeliet. Han peikar på at boka skil seg frå dei andre som skildrar Jesu liv, både i det språklege og ved at det er meir temafokus. Johannes er kjelda for mange av dei kjende utsegnene om Jesus: Eg er brødet for verda, Eg er lyset i verda. Eg er oppstoda og livet. Men utsegnene er aldri frittstående – dei står i ein samanheng, og dette vil vi sjå meir på i laupet av samlingane. Ein annan skilnad er at Johannes fokuserer på færre under, men går djupare inn i kvart av teikna for å seie noko om kven Jesus er.

Vi vil også få vite meir om manuskripta, kulturen og stadene ting hende. Johannes er kjend for å vere det yngste skriftet i Bibelen, truleg skrive på 90-talet etter Kristus. Det eldste funnet av ein papyrusbit med tekst frå dette evangeliet er truleg frå rundt år 120, berre ca 30 år etter at det var skrive! Fragmentet «Papyrus 52» er tilsidig og er å finne på The John Rylands University Library i Manchester i England.



Kari Kvikne, Anne Buene og Johanna Fagermoen står i spissen for matservering og den trivelege ramma rundt Tid for tru og vonar du vil delta i på samlingane vinteren 2019. (Foto: Gunn Berit Bøthun)

Den femte kvelden vert spesiell: Her vert det ikkje undervisning, men vi vil rett og slett lese oss gjennom evangelietskriftet i lag – høgt og i samanheng.

For dei som skal lage til mat er det kjekt å vite omtrent kor mange som kjem, så meld deg gjerne på til kyrkje-kontoret via telefon, SMS eller e-post. Dei understrekar samstundes at manglande påmelding ikkje må vere eit hinder for å kome: Om du berre kan vere med på ei eller to av samlingane er du også hjarteleg velkommen og det er fullt mogeleg å berre stikke innom ein onsdagskveld heilt på sparket!

Tid for tru 2019: Johannesevangeliet Bedehuset Betel onsdag kl 19.30 – 21.45

Kveldsmat, undervisning og samtale i grupper
Gunn Berit Bøthun og Kjetil Netland

onsdag 9.januar Lyset skin i mørkret

Joh 1, 1-18. Kor møter Jesus menneske? Lys og mørke, liv og død, og andre omgrep i Johannesevangeliet

onsdag 23.januar For så elska Gud verda

Joh 1,19 - 4,54. Johannes – kven var han? Ulike teikn på kven Jesus er. Å tru på Jesus.

onsdag 6.febr Eg er vegen, sanninga og livet

Joh 5 - 15. Jesus; livskraftig og livsviktig. EG ER-orda. 2000 år gamle greske ord - meir enn Pytagoras.

onsdag 27.februar Det er fullført!

Joh 12 – 21. Jesus si påskeveke og triumf.

Papyrusmanuskripta til Johannesevangeliet

onsdag 6.mars I opphavet var Ordet...

Vi les gjennom heile Johannesevangeliet saman.

Arr: Balestrand sokneråd og Bedehuset Betel

Den nye kapellanen

Darren McCallig er ny «Senior Chaplain» i den anglikanske kyrkja i Noreg og dermed ansvarleg for tenestene i St. Olavs kyrkje gjennom sommarsesongen. Forgjengaren, Brian Russell, gjekk av med pensjon i fjor, og hausten 2017 tok iren Darren MacCallig over ansvaret som Senior Chaplain i Noreg. I midten av mai kom han til Balestrand for å opne sesongen for engelske gudstenester i St. Olavs kyrkje, og vi slo av ein prat.

Opera

Når vi spør kva som førte han til Noreg og Oslo, smiler han og forklarar at det er kona hans, Annilese Miskimmon, som har hovudansvaret for dette. Ho vart i august 2017 tilsett som operasjef ved Den Norske Opera & Ballett etter fem år i tilsvarande stilling ved Den Jyske Opera i Aarhus, Danmark. Omtrent samstundes vart det ledig stilling som Senior Chaplain i Oslo og Darren var glad for å få denne.

Kapellan

Vi lurar også på kvifor han som leiande prest har tittelen «kapellan». Han forklarar at denne tittelen vert brukt for prestar som gjer teneste knytt til institusjonar eller ei definert gruppe, som til dømes sjukehus, fengsel eller universitet, til skilnad frå ein som er knytt til ei kyrkje og har ansvar for eit geografisk område. Kapellane i Europa var opphavelig knytt til ambassadørane med fam-

ilie. Etter kvart har oppgåvene og ansvaret blitt utvida, men tittelen kapellan har vorte verande. Der kapellane frå Church of England opphavelig hadde tilsyn med britiske borgarar, består den anglikanske kyrkjelyden i Oslo i dag av personar med 31 ulike nasjonalitetar.

Den anglikanske familien

Darren McCallig kjem eigentleg frå den irske avdelinga av den anglikanske kyrkja. Han fortel at den anglikanske kyrkja er organisert slik at kvart land har si uavhengige og sjølvstendige kyrkje, med eigne regelverk og særtrekk, men at dei er samla under ein felles «moderorganisasjon». Han bruker familiebiletet for å illustrere at kyrkjene er ulike, men at ein likevel tydeleg kan sjå familielikskaane. Bispedømet i Europa høyrer til Church of England, og han sjølv måtte difor «godkjennast» som utsending frå Church of Ireland for å kunne gjere teneste i systerkyrkja.

Darren nemner eit døme på ulikskapar mellom kyrkjene i den anglikanske familien som har vore framme i media: Synet på kvinnelege biskopar. Church of Ireland opna for kvinnelege prestar og biskopar i 1990, Church of England utnemnde sin første kvinnelege biskop i 2015, medan Church of Nigeria framleis verken utnemner eller godkjenner kvinnelege biskopar. Dei høyrer likevel alle til det anglikanske fellesskapet med ca 40 sjølvstyrte medlemer (provinsar/nasjonale kyrkjer), og er dermed organisert på ein heilt annan måte enn den katolske kyrkja.

Når vi snakkar om kvinnelege biskopar, kan det som ein kuriositet nemnast at den første kvinnelege biskopen i England (2009), Jāna Jēruma-Grīnberga, gjorde teneste i Balestrand i 2017 og mellom anna døypte vesle Benjamin Gjeraker Leander. Då ho vart biskop, var det ikkje i den anglikanske kyrkja, men i «The Lutheran Church in Great Britain», men ho gjer ho teneste som ansvarleg prest i den anglikanske kyrkja i Riga, Latvia, landet ho opphavelig kom frå.

Den anglikanske kyrkja i Noreg

I Noreg er det anglikansk gudsteneste kvar veke i dei fire største byane: Oslo, Bergen, Stavanger og Trondheim. I



Neste høve til å møte Darren i Balestrand vert ved oppstartgudstenesta for sommarsesongen 2019 i engelskkyrkja, søndag 19. mai kl.10.00. Då vert også koret frå St. Edmund's Church i Oslo med.

Oslo har dei sitt eige kyrkjebygg, St. Edmund's Church, dei andre stadene leiger dei andre kyrkjer. Fire andre stader vert det halde enkelt-gudstenester eller gudstenester i periodar av året, og det er her Balestrand kjem inn med gudstenester gjennom heile turistsesongen frå mai til september. I tillegg er det månadlege gudstenester i Drammen, til jul i Tromsø og til påske i Kristiansand. Alle tenestene vert utført av han sjølv (100 prosent still) og tre prestar i dei andre storbyane (50 prosent still kvar).

I Bergen har den anglikanske kyrkjelyden fått eit løft etter at dei i 2015 fekk fast tilgang til den flotte Mariakirken i sentrum til hovudgudsteneste kvar søndag føremiddag. Mariakirken er av dei eldste bygningane i Bergen og er nyleg pussa opp både ut- og innvendes. Hit kjem både fastbuande og turistar.

Større vekt på friviljuge

Til skilnad frå Den norske kyrkja, er det få tilsette i den anglikanske kyrkja. Utanom prestane, ein deltidstilsett organist og reinhaldar i Oslo, vert alt arbeid utført av friviljuge. Administrasjonen består av prestane i lag med uløna «kyrkjevevjer». I prinsippet er det berre éit råd for den anglikanske kyrkja i Noreg, men i praksis er det lokale komitear i alle dei fire store byane. I tillegg til ansvaret for den lokale kyrkjelyden i Oslo kallar Darren McCallig inn alle prestane til samlingar to gonger i året. Elles reiser han rundt for å ha tilsyn og bli kjent med kyrkjelydane og møte komiteane.

På spørsmål om arbeidsmengda utan løna hjelp peikar han på at det er stor fare for å slite seg ut i ei slik stilling. Han viser til ein modell med «sju kjenneteikn ved ei sunn kyrkje» (Robert Warren 2004) og legg i denne samanhengen særleg vekt på det siste av dei sju momenta: "Does a few things and do them well - focused rather than frenetic." Han meiner at mange - både kyrkjeleg tilsette og kyrkjelydar - slit seg ut med å skulle gjere "alt". Han prøver i staden å oppmuntre til å fokusere på færre oppgåver og gjere dei godt – og så prøve å vere avslappa i høve til det vi ikkje får gjort.

Historikaren fekk tilbake trua på trua

Vegen Darren hadde inn i kyrkja er også interessant å fylgje. Etter oppveksten i ein irsk, romersk-katolsk familie, dreiv han bort frå trua som tenåring. Etter ein universitetsgrad i historie, fekk han stipend for å ta mastergrad og kom då til å undervise i reformasjonshistorie. Denne historia greip han, og han vart så interessert at han ringde presten i Church of Ireland, den irske, anglikanske kyrkja. Han vart invitert til kyrkja og alt frå den første gudstenesta følte han det som å kome heim. Etter dette møtte han presten kvar tysdag morgon til samtalar. Han samanlikna prosessen han gjekk gjennom som pro-



Pinsedag 20. mai 2018 hadde The Rev'd Darren McCallig sin første gudsteneste i Balestrand som ny Senior Chaplain, i lag med prost Kjetil Netland.

sessen med å gå frå å vere forelska til å elske: Han visste ikkje alt om den han vart forelska i, men elska meir og djupare etter kvart som han vert betre kjend. «Eg fekk gjenreist trua på trua og kom attende både til kyrkja og trua». Han jobba ein periode som friviljug, assisterande administrator i St. Patrick's Cathedral i Dublin. Etter kvart vaks også kallet til å bli prest fram, sjølv etter at han hadde snakka med ein kamerat som ikkje treivst og seinare slutta som prest.

Vegen inn i prestegjeringa i den anglikanske kyrkja er svært ulik vegen til dei fleste prestar i Noreg: Dersom ein kjenner på kallet til å bli prest, kan ein søkje om «ordinasjonstrening». Ein vert først kalla inn til fleire rundar med intervju, innlevering av tekstar og mange ulike testar – også personlegdomstestar. Ein må grunn-gje kvifor ein vil gå inn i ei slik teneste og vise at ein er motivert. Dersom ein vert «godkjend», betaler kyrkja for teologistudiet. Etter tre år vert ein ordinert og får tildelt eit prestegjeld der ein er «lærling» og jobbar i lag med ein eldre og meir erfaren prest. For Darren la det seg, etter ordinasjonen i 2005, til rette for to års tenestetid ved Trinity College der han hadde teke utdanninga og han heldt fram som kapellan ved universitetet til 2014. I 2015 fylgde han kona til Danmark, og fekk jobb i Den anglikanske kyrkja der fram til han fekk nytt ansvar i Oslo hausten 2017. Vi ynskjer velsigning over tenesta.

Tekst og foto: Jostein Risa

Helsing frå Hyllestad:

Takk for kjekt samvær i Kvamsøy kyrkje og Balestrand ved kyrkjelydstur 21. mai

Flottare ver enn det var 2.pinsedag på kyrkjelydstur til Balestrand, kan ein vel knapt ønskje seg! I privatbilar drog me 23 personar innover fjorden frå Hyllestad, som ein gjenvisitt frå i fjor. Nokon som hadde hatt lyst å vere med var dessverre borte denne helga, men andre kom til, så me var ein fin flokk. Lovorda etter denne dagen har vore mange. Det var ei stor oppleving, vart det sagt. Dei fleste herifrå hadde ikkje vorte over på øya før. Svært imponert var me at over 100 andre hadde funne vegen dit denne dagen. Prestane Kjetil Netland, Audun Systad og Darren McCallig hadde gudstenesta saman. God song fylte kyrkjerommet, og ein fekk høyre om pinseunderet og den levande budskapet i dag. Ole Agnar Helland, tidlegare prest i Hyllestad, fekk god lyd i det gamle trøorgelet. Balestrand songlag deltok med vakker song både ute og inne. Born las tekstar i tillegg til Arnborg frå Balestrand og Anfrid frå Hyllestad. Gerd Jordanger fortalte i etterkant om kyrkja si historie. Etter ein god kyrkjekaffi gjekk turen inn til sentrum, der Bjørg Bjøberg tok oss med til galleriet sitt, "Det gylne hus", og viste oss vakre bilete og fortalde frå Balestrand si historie. Vi fekk også oppleve det nye reiselivsmuseet med Mary Ann Menes som guide. Interessant! Soknerådsleiar i Balestrand, Helge Ulvestad, leia så samlinga på Kviknes hotell, med over 50 gjestar. Her vart den innhaldsrike dagen runda av med ein god middag og dessert. Inger Henny Hestvik takka hjarteleg på vegne av Hyllestad kyrkjelyd. Nokre tok turen innom vakre St. Olafs kyrkje til sist på denne innhaldsrike dagen.

Helsing til Balestrand kyrkjelyd

Godt å halde kontakten med Balestrand, og takksam for å ha vore innom også ved andre høve og truffe den

einskilde. Skulle gjerne ha vore oftare. 16 år set spor. Godt at Rut Solveig og Kjetil Netland flytte til bygda. Opp gjennom åra når me budde i prestegarden på Lunde, stakk dei innom på besøk, noko me sette stor pris på. Eg har eit litt artig minne frå ein gong Kjetil og eg skulle over Vikafjellet til stiftsmøte i Ulvik. Midt oppe på fjellet hørde me nokre rare lydar bak i bilen. Var det ikkje «mjau, mjau»?! Jau, sanneleg var det lyden av ein katt! Det viste seg å vere naboen sin. Enden på visa var at han måtte bli med på stiftsmøte i Ulvik der han fekk god forpleiing på Brakanes hotell saman med alle utsendingane frå Bjørgvin bispedøme.

Kjetil var prost i Sogn hausten 2013, då me hadde visitas og kyrkjejubileum i Balestrand. Rut Solveig tok då til som kyrkjelydspedagog og var og på kyrkekontoret. Kyrkjevevje Jostein og eg hadde då mange «deadliner» til boka som skulle komme ut, noko som sikkert var litt frustrerande for ein nyttilsett, men det varte jo berre ei stund, og eg var takksam for godt samarbeid om gudsteneopplegg vi hadde for born og unge.

Så kjenner me alle på otte og uro når sjukdom kjem på. I ei presteteneste veit me jo òg ein del om det. Godt dette siste året at kyrkjelyden i Balestrand, med dei mange gode ressursar som er der, har trådd til med ei hjelpande hand. Rut Solveig og Kjetil, som begge har runda milepælen 60 år i 2018, ønskjer me alt godt på livsvegen vidare. Helsing til dei og dykk alle i kyrkjelyden med Salme 31,15-16a: «Men eg set mi lit til deg, Herre, og seier: 'Du er min Gud.' Mine tider er i di hand.» Kari helsar også.

Audun Systad





Frimodig kyrkje i Bjørgvin

- Eg meldte meg inn i nettverket Frimodig kyrkje fordi eg treng andre kristne å stå skulder til skulder med i den kyrkja eg er så glad i - der eg er døypt, har høyrte og høyrer evangeliet og har arbeidet og tenesta mi. Det seier kyrkjelydspedagog Norunn Rød Markhus, som saman med prestestudent Benjamin Bjørnsen Anda og kyrkjemedlem Arve Kjell Uthaug utgjer arbeidsgruppa for Frimodig kyrkje i Bjørgvin bispedøme.

Frimodig kyrkje er eit landsdekkande nettverk innanfor Den norske kyrkja. Nettverket vart skipa i 2017 som ein reaksjon mot at kyrkjemøtet vedtok ein liturgi for ekteskap for to av same kjønn. Målet for nettverket er likevel mykje vidare. Det er å be og arbeida for «fornyede fellesskap rundt Jesus Kristus og flere frimodige disipler som følger ham» (www.frimodigkirke.no).

Motivasjon

Benjamin Bjørnsen Anda (24) kjem frå Rogaland, men bur i Bergen og er i sluttfasen av presteutdanninga.

- Kva er det som motiverer deg til å bli prest i Den norske kyrkja?

- Det som motiverer meg til presteteneste i Den norske kyrkja, er Jesus. Det eg har fått læra og oppleva saman med han gjev meg motivasjon – og kall – til å gje vidare det eg har fått: evangeliet om forlating for syndene, om Guds store kjærleik til alle menneske. Det er det største som har hendt meg, og det ønskjer eg at alle skal få del i. Eg er døypt og konfirmert i Den norske kyrkja, og eg opplever at det er her eg er kalla til presteteneste, svarar Anda.

Kenya-rytmen

Norunn Rød Markhus (41) bur i Fusa og arbeider med trusopplæring for born og unge i den lokale kyrkjelyden. Men det er ikkje lenge sidan ho og mannen og dei fem borna deira kom heim att etter tre månader på familiebibelskule i Kenya.

- Tek du med deg nokon impulsar frå afrikansk kyrkjeliv heim til Fusa?

- Å ja! Kenyanarane er spontane og frimodige og veldig opptekne av å vitna om kva Jesus har gjort for dei og kva Han gjer for dei kvar dag. Dei trur på at ingenting er umogleg for Gud! Det treng me å leva for og tru som Guds folk. Ofte avgrensar me Gud, vert mismodige over konflikhtar, oppslutnad, økonomi og slikt. Men me lever jo med ein himmel over livet; afrikanarane har kanskje ikkje pengar å gje, men dei gjev seg sjølv og sitt liv til teneste for Gud og menneske. Det er fantastisk å sjå, seier Markhus, som synest opphaldet på bibelskule i Kenya var ei investering i livet og trua for heile familien.



Benjamin Bjørnsen Anda (t.v.), Norunn Rød Markhus og Arve Kjell Uthaug utgjer arbeidsgruppa i Frimodig kyrkje i Bjørgvin.

- Og så saknar eg dansen og songen. I Kenya lovsyng alle med den stemma dei har!

Evangeliet

- Kyrkjemøtet har sidestilt to motstridande syn på ekteskapet. Korleis blir dette for deg og andre som jobbar i Den norske kyrkja med å formidla kristen tru til ungdommar?

- Dette er ikkje eit lite etisk spørsmål, men rokkar med forståinga av evangeliet, av nåden. Me må frimodig forkynna den dyre nåden til ungdommane våre - den dyre nåden som kosta Jesus livet, som fordømmer synda men som rettferdiggjer syndaren, og som kallar oss til eit liv i tru og etterfylgning av den levande Jesus Kristus ved hjelp av Den heilage ande, seier Markhus.

- Vi lengtar etter at det gamle evangeliet og den opne kyrkja skal gå hand i hand, legg Arve Kjell Uthaug (50) til. Han er vanleg kyrkjemedlem i Meland nord for Bergen:

- Det gjekk nokre år før eg sjølv vart skikkeleg glad i gudstenestene og Den norske kyrkja. No er eg det. Samstundes opplever eg at vi som kyrkje på mange måtar er svak, og at mange piler peikar nedover. Det ligg inga spirekraft i å vera utydeleg og inngå kompromiss i strid med evangeliet. Vi treng ei frimodig forkynning av det evangeliet fiskarane frå Galilea tok imot og gav vidare.

Arrangement

- Vi i Frimodig Kyrkje Bjørgvin har planar om å få til månadlege samlingar. Det er viktig for eit fellesskap å møtast og å sjå til kvarandre. Vi ønskjer å satsa på ei veksling mellom kveldsgudstenester og temasamlingar. Dette fordi vi vil samlast om det viktigaste, som er Jesus sjølv, og møta han i bøn og lovsong, der han møter oss i sitt ord og ved sitt bord. Temasamlingar vil vi ha for å auka kunnskap om aktuelle tema for disippellivet. Elles arbeider vi med å få til eit seminar med tematikk knytt til trusopplæring og undervisning våren 2019. Her ønskjer vi å ta opp fleire utfordringar vi som står i kyrkjeleg teneste, har i møte med til dømes korleis vi forkynner og underviser klassisk kristen tru i både etiske og andre spørsmål i vår tid. Alle samlingar er opne for alle, understrekar Anda. Av praktiske grunnar blir dei fleste arrangementa lagt til Bergen.

- Heile tanken med Frimodig kyrkje er å vera med å byggja innanfrå, ikkje stå på utsida og kritisera. Og så treng ein ikkje vera spesielt frimodig som type for å vera med. Det er nok å ønskja å ta steg i rett retning, avsluttar Uthaug. Dersom du vurderer å melde deg inn i nettverket eller ynskjer meir informasjon, sjå heimesida frimodigkirke.no

«Maria Magdalena - Jesu virke» i Tjugum kyrkje 9. april 2019



Reidun Melvær Berg har fått gode kritikkar for rolla som Maria Magdalena i monologen «Maria Magdalena – Jesu virke».

Foto: Espen Nythingnes/Rakkar.

I to år på rad har Sogn og Fjordane Teater vist «Miriam si forteljing – Juleevangeliet» i kyrkjer rundt omkring i fylket. No kjem «Maria Magdalena – Jesu virke», nummer to i trilogien om Jesus. Håvard Rem står bak teksten, Marit Østbye har regien og vi får følgje den einslege stemma til Reidun Melvær Berge i denne monologen.

Vi veit alle kva som skjer i evangeliet, men sjeldan får vi høyre det på denne måten. Historia om Jesus blir fortalt gjennom kvinnene rundt han. I «Jesu virke» er ordet gitt til Maria, ho som hadde tilnamnet Magdalena og «som sju vonde ånder hadde fart ut av». Ho fortel at Jesus redda henne frå galskap og prostitusjon, og at ho hadde eit nært forhold til han. Ho var kollega, ven og kvinne.

Det er natta før palmesøndag, og natta før Jesus og følget hans togar inn i Jerusalem. Maria Magdalena fortel om sitt første møte med Jesus, om hans virke frå han vart døypt av døyparen Johannes og om påskeveka.

Gjennom Maria kjem vi nærare Jesus, men òg nærare eit historisk faktum som ofte hamnar i skuggen. I følget til Jesus var det fleire kvinner, mange av dei redda frå vonde ånder og sjukdom. Dei hadde ein plass i lyssirkelen rundt leirbålet saman med disiplane, og dei risikerte livet ved å reise rundt og misjonere.

Velkommen til framsyning i Tjugum kyrkje tysdag 9. april kl. 19.00 (veka før påske). Billettar kan kjøpast på Internett eller i døra.

Arbeidet i kyrkjeleg fellesnemnd fram mot samanslåing frå 1.1.2020

Den kyrkjelege fellesnemnda har fått fullmakter til å ta alle avgjerder som gjeld samanslåinga av Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd med Balestrand sokneråd til nye Sogndal kyrkjelege fellesråd som vil skje frå 1.1.2020, samstundes med kommunesamanslåinga.

Løyving til fellesnemnda sitt arbeid

I 2017 sende kyrkjeleg fellesnemnd søknad om ei løyving på totalt 1,3 millionar kroner til omstillingsprosessen fram til samanslåing frå 1.1.2020. Kommunal fellesnemnd løyvde berre 150.000, men ville kome tilbake til vidare løyving for 2018 og 2019. Det var i haust sendt ny søknad om kr 900.000 for dei to siste åra for å dekke kostnader knytt til samordning av IT-system og overgang til ny felles programvare, samkøyring av stabar, møteverksemd med reisekostnader, og ikkje minst til deltid prosjektleiarstilling. Politikarane i fellesnemnda løyvde 20.9.2018 totalt 600.000 for 2018 og 2019. Ut frå dette kan prosjektleiar Jorunn Merete Haukås-Eide i første omgang kjøpast fri frå 20 prosent av kyrkjevejestillinga frå hausten 2018, noko som er viktig for å få ein forsvarleg samanslåingsprosess.

Det er mykje arbeid som står att før samanslåinga. I tillegg til møta i fellesnemnda er det mange utval av både folkevalde og tilsette som arbeider. Arbeidsutval, partsamansett administrasjonsutval, arbeidsgruppe som ser på administrativ struktur i det nye fellesrådet, utval om val av IT-løysingar mm. økonomigruppe jf samanslåing av rekneskapar, nye kontoplanar osv. Dei tilsette har også temagrupper etter profesjon for å sikre medverknad i samanslåingsprosessen: Kyrkjetenarar, prestar, kyrkjemusikarar, trusopplærarar og diakon. Alt i alt medfører dette mykje møte- og reiseverksemd mellom kommunane.



Medlemene i kyrkjeleg fellesnemnd fotografert ved møtet i Sogndal 23. mai 2018. Frå venstre nestleiar Helge Ulvestad, geistleg repr Jermod Hausberg (dåverande vara for sokneprest Kjell Olav Nordheim), tilsettrepresentant Arild Slinde, Per Hilleren, leiar Bjørg Anda, prosjektleiar Jorunn Merete Haukås Eide, Tore Brudvik og kommunal repr. Øivind Sjøtun Fagermoen.



Stikkord frå fellesnemnda sine sju møte i 2018:

- | | |
|---------------|--|
| 17. januar | Spørsmål til spørjeundersøking til sokneråd og tilsette. Val av nemnd for adm. leiarstruktur. |
| 6. februar | Første drøfting av fleire viktige saker der endeleg vedtak vart gjort seinare (mai), t.d. lokalisering av kontor og samansetjing av det nye fellesrådet. |
| 13. mars | Felles møte med alle seks sokneråda på Leikanger - gjennomgang av svara på ei spørjeundersøking for sokneråd og tilsette i samband med samanslåingsprosessen |
| 23. mai | Samansetjing av nytt fellesråd, plassering arbeidsplassar (hovudkontor Sogndal og kontor Balestrand), mandat for temagrupper frå dei tilsette. Revisjon framdriftsplan |
| 11. september | Investeringsplan kyrkjer og gravplassar 2019-2024.Org. kart delegasjon. Org.nr, Møteplan. |
| 17. oktober | Budsjett fellesnemnd 2018 og 2019. Årshjul for det nye fellesrådet, Frikjøp prosjektleiar. Organisasjonskart for det nye fellesrådet. Rutinar oppfølging sjukemelde Vurd om IA-verksemd. |
| 28. november | Fastsetjing av nytt økonomireglement, tilsetjingsreglement, arbeidsreglement (inkl oppfølging sjukemelde jf IA), permisjonsreglement, reglement for adm.utv (partssamansett), handlingsplan mot seksuelle overgrep. Sak om soknerådsvala H-2019. Møteplan våren 2019.Første er 22.1.19 |

Les meir om nemnda og samanslåingsprosessen på <http://sogndal.kyrkja.no/Kyrkjeleg-fellesnemnd>

Tekst og foto: Jostein Risa

Kunstnarleg utsmykking av kyrkjestova

Etter gudstenesta 3. juni var det avduking av tre tekstil-bilete som er kjøpte inn til kyrkjestova på Tjugum i 2018. Bileta er laga av tekstilhandverkar Eli Johanne Berg.

Det største biletet "Nåde over nåde" heng på frontveggen - eit fargerikt bilete med fleire kristne symbol. To mindre bilete med naturmotiv heng mellom vindaugo på veggen mot gravplassen "Carpe diem" (Grip dagen), og "Det er den draumen". Totalprisen vart kr 20.300 for bilete og tilpassing. Etter vedtak i soknerådet vart innkjøpet finansiert av gåvefondet til «kyrkjelege føremål» på 100.000 som kyrkjelyden fekk etter avslutning av tidlegare offerlegat. Kyrkjestova er i jamleg bruk til kyrkjelege føremål og det er kjekt å kunne vise til noko vakkert og varig som er kjøpt inn for midlane.

Innkjøpet er gjort i tråd med tilråding frå kyrkjestovenemnda. Heilt sidan bygginga var tekstilkunst nemnt som eit godt alternativ på veggene fordi dette også fungerer som støydemping. Eli Johanne Berg kallar seg sjølv tekstilhandverkar og bur no i Bergen. Ho brukar quilting og applikasjon som teknikk, både frihand og tradisjonell. Dei fleste bileta ho lagar, har ein kristen bodskap, og sjølv om ho sel mest til privatpersonar har ho også laga "altertavler", til dømes utsmykkinga på Alværa Misjonssenter som mange har sett. Bileta hennar er også innkjøpte av misjonsforeningar, kyrkjekontor, til forsamlingslokale, kapell, pårørande-rom mm. Ein kan sjå fleire av bileta ho har for sal på nettsida elitekstilbilder.com. Soknerådet vonar bileta vil bli til glede og inspirasjon i mange år framover.



Servise til kyrkjestova

Etter at utsmykkinga var på plass har soknerådet spurt kyrkjestovenemnda om å kome med framlegg til innkjøp av servise og kjøkenutstyr til kyrkjestova på Tjugum med tanke på bruk til kyrkjekaffi, trusopplæringstiltak og utleige (dåpsmiddag, konfirmasjonsmiddag, minnestund, møte mm). Etter tilråding frå nemnda har Balestrand sokneråd no vedteke å kjøpe inn servise frå serien Figgjo Relieff samt glas, bestikk og anna kjøkenutstyr til servering av inntil ca 65 personar samstundes, men det manglar enno ca 12.000 kr før innkjøpet er fullfinansiert.

Balestrand sokneråd spør med dette om du vil bidra til å utruste kyrkjestova med servise og kjøkenutstyr ved å gje ei gåve til Balestrand sokn sin kyrkjestove-konto 3705.13.19711. Alternativt kan ein gje på driftskon-



toen i lag med bladpengane eller via Vipps til 137665 Balestrand sokn. Det er då viktig å MERKE gåva med «servise» eller «kyrkjestova».

Skulle det kome nok gåver før jul, kan vi handle for nyttår, men soknerådet har som mål å få gjort innkjøpet seinast i laupet av våren 2019 slik at det vert mogeleg å leige ut, t.d. til konfirmasjonsfeiring.

Eit overslag over totalkostnaden til planlagde innkjøp er totalt ca kr 40.000 for...

Framhald s.25

Sett ditt preg på kyrkja di

Kyrkjevalet

2019

Kyrkja bygger fellesskap der du bur. Velkomen til å bidra



I kyrkja skal det vere rom for alle som ønskjer det. Eit stort rom. Sterkt fundament. Nye impulsar. Gode tradisjonar. Ulike meiningar. Ulike vegar til tru. Ver med å ta ansvar for fellesskapet og for kyrkja di! Det er kyrkjeval måndag 9. september 2019. Skal du stilla til val? Eller gje forslag om ein god kandidat? Du er invitert til å vera med på å skapa kyrkja i framtida!

Her kan du ta ansvar

Kyrkja di har rom for ditt engasjement. I møta med folk i nabolaget kan du bety noko med haldningane dine og det du gjer. Du trengst til ei av dei viktigaste oppgåvene i landet vårt: Å skapa sterkare fellesskap i bygd og by.

Ved kyrkjevalet skal det veljast 8000 frivillige til å leia arbeidet til kyrkja. Du kan vere med på noko stort: Sei ja dersom du vert spurd om å stilla til val. Og gje di røyst på valdagen. Vi vil samarbeida for at fleire oppdagar det store og gode ved å gje av si tid til det som byggjer fellesskap.

Kyrkja har eit mangfald av tilbod: Gudstenester, omsorg for menneske, dåp og trusopplæring, konfirmasjon og ungdomsarbeid, kor og kyrkjemusikk og aktivitetar for born. Med dei mange tilboda og fellesskapa våre, har vi også behov for eit mangfald av engasjerte menneske.

To val

Ved kyrkjevalet kan du røysta på kandidatar til både soknerådet og til bispedømerådet/Kyrkjemøtet.

Val til soknerådet

Soknerådet leier verksemda til kyrkjelyden i Balestrand. Som medlem i soknerådet kan du ha stor innverknad på dei lokale oppgåvene og utfordringane i kyrkja di. Arbeidet til soknerådet spenner over mange tema – m.a. barne- og ungdomsarbeid, miljø og rettferd, gudsteneste, musikk, misjon, og dessutan jus og økonomiforvalting.

Kandidatliste til soknerådsvalet

Soknerådet skal setja ned ein nominasjonskomité som skal nominera kandidatar til soknerådsvalet.. Det er i tillegg høve for andre til å levera inn egne kandidatlistar innan 30. april 2019. Alle kandidatlistar er sette opp i prioritert rekkjefølgje.

Val til bispedømerådet/ Kyrkjemøtet

I kvart bispedøme er det eit bispedømeråd. Bispedømerådet tilset prestar og nokre av dei andre tilsette i kyrkja. Medlemene av bispedømerådet er også medlemmer av Kyrkjemøtet, det øvste organet i Den norske kyrkja. Til det regionale bispedømeråds-valet i Bjørgvin ser det ut til å bli fleire lister:

Kandidatlistar til bispedømerådsvalet

- **Nominasjonskomiteen si liste er lovfasta.** Nominasjonskomiteen består av éin medlem frå kvart prosti i bispedømmet etter avstemming der kvart sokneråd har ein representant. Skal «tilstrebe bredde i kandidatenes syn på aktuelle kirkelige spørsmål.»

I tillegg er det opna for at andre nominasjonsgrupper kan stille egne kandidatlistar: Slike grupper kan ved å registrera seg innan 2. januar, søkja om økonomisk støtte til arbeidet sitt. Det ser ut til å verte to slike:

- **Åpen folkekirke si liste;** «ønsker en kirke som fremmer menneskeverdet og motarbeider diskriminering». Hadde ved førre val som hovudsak at kyrkja skulle opne for og likestille samkjønna og ulikekjønna vigsel.
- **Bønnelista** er ny ved dette valet.
 - o Vil stille egne lister til kyrkjevalet 2019 (val av bispedømeråd/Kyrkjemøte) med kandidatar som ynskjer å halde fast på Bibelens ord og prinsipp.
 - o Ynskjer at ein skal kunne stemme berre på dei ein ynskjer skal leie kyrkja. (ved å bruke nominasjonskomiteen si liste gjev ein også røyster til kandidatar med eit anna syn)
 - o Ynskjer å etablere fleire lokalkyrkjelydar der det ikke finst kristne fellesskap, kyrkjelydar eller kyrker.
 - o Ynskjer å styrke dei lokale kyrkjelydane, som til saman er Den norske kyrkja.
 - o Alle kandidatar som stiller til val for Bønnelista må være med på to helgesamlingar.

I brev til kyrkjelyden ber Bønnelista (forening for kirkevalg og kirkeledelse) om framlegg til kandidatar til listene sine. Framlegg kan sendast direkte på heimesida bønnelista.no eller gjennom soknerådet.

Kva gjer soknerådet?

Her er nokre dømme på soknerådet sitt ansvarsområde jf. § 9 i kyrkjelova:

- Trusopplæring for alle døypte mellom 0 og 18 år
- Diakonalt arbeid (omsorgstenesta til kyrkja)
- Gudstenester
- Kyrkjemusikk
- Langsiktig planlegging av arbeidet til kyrkjelyden
- Ofringar
- Utleige av kyrkja
- Uttalerett ved tilsettingar av prest, prost og biskop
- Samarbeid med frivillige

Soknerådet har ein representant i kyrkjeleg fellesråd. Kyrkjeleg fellesråd tek seg av administrative og økonomiske oppgåver på vegner av sokna, og dei opprettar og legg ned stillingar

Balestrand sokneråd har i dag åtte valde medlemmer.

Medlemene har ulike utdannings- og yrkesbakgrunn og mange er òg aktive på andre arenaer i lokalsamfunnet. I tillegg deltek presten fast på rådsmøta.

Soknerådet møtest to til fem gonger i halvåret.

Medlemene er valde for fire år. Ei undersøking blant soknerådsmedlemmer viste at eit stort fleirtal trivst og opplever det som meningsfylt å vera med i soknerådet. 85 prosent synest vervet er meir eller like tilfredsstillande som dei hadde forventa.

Kyrkjevalet vert arrangert i eit lokale i nærleiken av der du stemmer ved kommune- og fylkestingvalet. Oversyn over stemmelokale og kandidatar du kan røysta på, finn du på www.kyrkjevalet.no når valet nærmar seg. Frå nettsida kan du frå sommaren 2019 òg lasta ned stemmesetlar.

Ti gode grunnar til å vera med i soknerådet:

1. Du bidreg til å halda lokalkyrkja levande
2. Du vert del av eit kristent fellesskap
3. Du gjer ein viktig jobb for fellesskapet
4. Du kan sørgja for eit trygt og godt fritidstilbod for barn og unge
5. Du får innblikk i og påverkar dei demokratiske prosessane i kyrkja
6. Du får eit nytt nettverk i lokalmiljøet ditt
7. Du kan bidra til at kyrkja di er ei open og inkluderande kyrkje
8. Du pregar aktivitetstilbodet i nærmiljøet ditt
9. Du får nyttig styrerøynsle som du kan bruka i andre samanhengar
10. Du kan oppdaga nye sider ved deg sjølv

Kjelde: www.kyrkjevalet.no

Endring for Balestrand Sokneråd frå 1.1.2020:

Etter kommunesamanslåinga i 2020 har ikkje Balestrand sokneråd fellesrådsfunksjon lenger

I Balestrand har soknerådet i tillegg til å vere sokneråd òg hatt fellesrådsfunksjon. Dette fylgjer av at Balestrand sidan 2004 har vore ein eittsokns-kommune.

Etter kommunesamanslåinga frå 1.1.2020 vert Balestrand eit av seks sokn i den nye kommunen der det er nye Sogndal kyrkjelege fellesråd som etter § 14 i kyrkjelova vil ha ansvar for tilsette, økonomi, kyrkjebygg og kyrkjegardar.

Sogndal kyrkjelege fellesråd vil frå 2020 ha åtte medlemmer: Ein representant frå kvart av dei seks sokneråda Stedje, Leikanger, Balestrand, Fjærland, Kaupanger og Norum i lag med ein geistleg representant (prost) og ein kommunal representant.

For det nye Balestrand sokneråd som vert valt i 2019 er konsekvensen at dei får færre saker og kan fokusere på soknerådsoppgåvene i § 9 i kyrkjelova (sjå teksten øvst til venstre). Rådet vil ha noko administrativ hjelp frå fellesrådet, men samanlikna med i dag vil rådsmedlemene få større ansvar for innkalling og saksutgreiing, møtebok og eigen økonomi - sidan ein ikkje lenger har dagleg leiar knytt til fellesrådsfunksjonen (kyrkjevevja).

Vil soknemøtet redusere tal medlemmer i soknerådet?

Balestrand sokneråd har i dag åtte valde medlemmer i tillegg til presten som er fast medlem. Det har no kome framlegg om å redusere tal valde medlemmer til seks. Det er soknemøtet i Balestrand (alle medlemmer i Den norske kyrkja) som avgjer dette og soknerådet vil truleg legge saka fram for soknemøtet i samband med det ordinære årsmøtet for kyrkjelyden som er sett til søndag 24. mars 2019 kl.12.30 - etter gudstenesta i Tjugum kl.11.00.

I november 2015 var det overlappingsmøte for Balestrand sokneråd med både avtroppande og det nyvalde soknerådet til stades. I september 2019 er det tid for nytt val.

(Foto: J. Risa)



«Kva har skjedd med deg?»

Balestrand kyrkjelyd har misjonsavtale i Mali, der Det Norske Misjonsselskap er ein av sju partnerar som samarbeider om å driva misjon blant fulanifolket. Fem av partnerane er afrikanske kyrkjer, to er norske. Misjonær Frode Brügger Sætre sende i september dette intervjuet med ein misjonær frå Nigeria, om eit ektepar som nyleg kom til tru på Jesus Kristus.

Korleis vart du kjent med dette ekteparet?

Eg var på besøk i nabobyen vår. Då eg gjekk på marknaden, helste eg på ein byfulani i 30-åra som reparerte mobiltelefonar. Då han hørte min nigerianske fulani-dialekt vart han nysgjerrig, og stilte mange spørsmål, for å forstå kven eg er. Slik vart me kjende, og litt etter litt vart me vener.

Korleis byrja de å snakka saman om kristen tru?

Frode Brügger Sætre Den var min nye ven som spurte meg om religionen min, og eg sa at eg er kristen. Mannen hadde eit positivt inntrykk av kristne, men sa at han aldri i sitt liv hadde hørt om ein fulani som var kristen. Eg delte dette med ein av dei kristne fulaniane i kyrkjelyden vår, som så vart med meg på nytt besøk. Me prata mykje saman. Då forstod eg at min nye ven verkeleg ønskte å forstå meir om kristen tru, så eg delte evangeliet med han.

Kva sa du til han?

Eg fortalte at me som kristne kan vera trygge på at me vert frelste, sidan frelsa vår avheng av Jesus Kristus, og ikkje våre eigne gjerningar. Etter samtalen spurte min ven om forbøn. Ei tid etter fekk eg ein SMS frå han der han spurte om å få bli med meg på gudsteneste. Då forstod eg at han verkeleg var interessert i kristen tru, og





ME STØTTAR
MALI



NMS ENGASJERER SEG BLANT ANNA I:
> Evangelisering blant fulanifolket
> Kampen mot kjønnslemlesting
> Lese- og skriveopplæring
> Bibelomsetjing

Saman med NMS kan du:



DELE TRUA
PÅ JESUS



KJEMPE
MOT URETT



UTRYDDE
FATTIGDOM

me byrja med systematisk bibelundervisning to gonger i veka. Mannen kom til tru, og rundt påsketid i år deltok han på den årlege samlinga for kristne fulaniar.

Korleis kom så kona til venen din til tru?

Kona visste ikkje om bibelundervisninga vår, for han hadde ikkje sagt noko om det. Men ho merka at mannen hennar endra personlegdom. Ho kjente mannen sin som ein ganske hissig mann, som kunne kjefta ein del, vera utolmodig og også hard. No hadde han endra seg så mykje at ho byrja å lura på kva som skjedde. Då ho spurte han om det, opna han bibelen på fulani på smart-telefonen sin, og las Johannes 14,1-6 for henne. Kona hans spurte om han hadde vorte ein kristen. Mannen svarta at det hadde han. Kona sa då at dersom det er dette som har endra livet ditt, så vil eg også vera kristen, eg vil stå saman med deg, om det skulle føra oss til liv eller til død. Etter dette ringte dei til meg, og nokre dagar seinare kom dei begge på besøk. No har me bibelundervisning for begge to.

Takk for at de er med å be for dette ekteparet i 30-åra, saman med misjonæren og den lokale kristne fulanien som evangeliserte for dei. Dei bur i eit område av Mali der det kan vera farleg å koma til tru på Jesus. Parallelt med at situasjonen i landet vert vanskelegare, opplever misjonær at mange menneske er meir opne for evangeliet.

«Vår kyrkjelyd har misjonsavtale i Mali»



I samband med kyrkjelydsturen til Lyngmo fekk kyrkjelyden overrekt synlege teikn på den nye misjonsavtalen med NMS i form av plakatar til henge opp i kyrkjene våre «Vår kyrkjelyd har misjonsavtale i Mali» og «Me støttar Mali». Her ser vi nestleiar i soknerådet, Åshild Alte Sagevik i lag med misjonskonsulent Ingvald A. Frøyen. Han har tidlegare vore misjonær i Mali i fleire periodar og kunne fortelje mykje interessant om arbeidet, men også om den vanskelege situasjonen i Mali no. Som ein del av avtalen får vi jamleg tilsendt rapportar frå Mali. Misjonsarbeidet og situasjonen i Mali har også ein naturleg plass i forbøna i kyrkja og du vert oppmoda om å vere med i bøn. Du kan støtte arbeidet i Mali gjennom offer i kyrkja fire gonger i året (neste gong 1. juledag), men det er også mogeleg å støtte prosjektet direkte.

Kristen nestekjærleik i ei vond verd

På ein muslimsk skule (madrassa) like utanfor Bamako bur det for tida over 100 fulani-flyktningar frå Mopti-regionen i Mali. Kl 15 den 18. juli i år kom medlemmar av ein milits frå ei anna etnisk gruppe køyrande på motorsyklar. Dei omringa landsbyen og byrja å drepa mennene i den vesle busetnaden. Då sola gjekk ned var 18 menn drepne og kasta i ein brønn. Kvinner hadde mista ektemennene sine og born hadde vorte farlause. Rektoren på madrassaen sør i Mali reiste den påfølgjande dagen nordover til heimlandsbyen sin. Han tilkalla brannmenn frå Sevaré som henta dei døde kroppane opp av brønnen slik at dei kunne få ei verdig gravferd. Så tok han med seg alle som ville av kvinner og born sørover til staden han har bygd opp utanfor Bamako. Skulen/Madrassaen der flyktningane bur, er ein stad som har vorte besøkt jamleg av ein av MELM-misjonær over nokre år. Slik vart misjonen sitt diakonale arbeid kopla inn for å gjeva eit bidrag. Flyktningane vart registrert hjå offentlege styresmakter, og misjonen kjøpte inn eit tonn med ris til flyktningane.



I sentral-Mali er det ein spent situasjon mellom fulaniar og andre folkegrupper. Det har oppstått militsar basert på etnisitet, og desse militsans stemplar i for stor grad alle fulaniar som ekstremistar. Mange nyttar høvet til å tena på kaoset, gjennom å forsyna seg med fulaniar sine dyr og verdiar utan at det får konsekvensar. Andre stader er det væpna fulaniar som står for overgrep mot personar frå andre folkegrupper. I denne vanskelege situasjonen prøver misjonen å vera til stades med ei hjelpande hand og med eit kristent vitnesbyrd. Også i Sevaré by har misjonen vore med og gjeve hjelp til interne flyktningar.

Takk for di støtte til dette arbeidet! Takk for forbøn om fred og forsoning mellom fulaniar og andre folkeslag i Mali! Og takk for forbønn for kyrkjer og misjonar som er til stade med eit kristent nærvær i ein vanskeleg situasjon!

Tekst: Frode Brugger Sætre. Foto: Ingvald A. Frøyen

Det kristne skulelaget «LOGOS» på Balestrand Statsrealskule 1966-1968

Den 29. september 2018 var det 50-årsjubileum for grønrussen 1968. I samband med det skipa Åge Mundal og underteikna Kjersti Brudvik til gudsteneste i St Olavs kyrkje. På gudstenesta hadde vi lyst å ta fram minne frå det kristne skulelaget «Logos», som vi begge var med i medan vi gjekk på realskulen.

Arnborg, kona til Leif Grinde som var læraren vår på Statsrealskulen, las tekstane i gudstenesta. Aslaug Fjærestad var lærar og vaksenleiar i «Logos», og vi hadde spurt om ho kunne ta fram sine minne på gudstenesta. Det var artig å høyre dei ulike minna. Vi tenkte at dette arbeidet som la grunnlag for trua for mange av oss, kunne vere fint å dele med lesarane til kyrkjelydsbladet.

Åge Mundal seier at laget betydde mykje for trua hans på Jesus Kristus. Han blei seinare prest. Åge hugsa at han var med på bibelgruppe med Trond Tveit, som var son til Kåre og Alvhild Tveit som var styrarpar på Askelund Folkehøgskule på den tida. Det var godt kameratskap og mange artige episodar, seier han.

Laget hadde eit styre som blant andre eg var med i. Sunnmøringen Olav Sæter, var vaksenleiar. Han var «studentlærar», dvs han tok eit år som lærar etter gymnasen, på Statsrealskulen i 1966-67. Han var klassestyrar

for D-klassen.

Skulelaget var tilslutta Norges Kristelige Student- og Skoleungdomslag (NKSS eller berre «Laget»). Det er ein landsdekkande organisasjon som vart stifta i 1924. Eg «blei sendt» på Nyttårsleiarkurs på Kongshaug folkehøgskole ved Os nyårshelga 1966-67, 15 år gamal. Eg hadde vel aldri reist aleine før. Eg var heller ikkje mykje kjent i Bergen, sjølv om mormora mi hadde budd der, og eg hadde vitja ho fleire gonger. Eg kom fram til Kongshaug til slutt. Der lærte vi om styrearbeid, og det var bibeltimar. Eg blei kjent med andre unge som eg seinare fekk varig venskap med.

Elsa Strømmen som var trulova med Olav Sæter, arbeidde i Balestrand Sparebank. Elsa budde på loftet på banken. Ho inviterte til bibelgruppe heime hjå seg. Vi var 4 personar til å begynne med. Seinare vart vi godt over 20 i bibelgruppene. På samlingane elles, var vi langt fleire.



Grønrussen 1968 var samla til 50-årsjubileum på Kviknes hotel laurdag 29.09.2018. Søndagen var det gudsteneste i engelsk-kyrkja der ein tok fram minne frå skulelaget Logos. Foto: Kjell Thue.

Vi hadde nokre opne kveldar på Realskulen, og ein stor fest som blei kalla «Salt og Pepper» der Olav Sæter kom inn på scenen på motorsyssel og ønska velkommen. Det var tøft, tykte vi. Nokre kameratar av han kom i småfly frå Sandane for å hjelpe til. Kostnaden på flyreisa var på 450 kr. Det var mykje pengar på den tid. Kanskje var det soknerådet som måtte betale det til slutt?

Det andre skuleåret mitt vart Aslaug Sæterdal vaksenleiar. Ho opna for samlingar i husveret sitt på «Turistkafeen» kvar veke, og det var fullt hus. Det vart og fleire bibelgrupper rundt på hyblane.

Aslaug (Sæterdal) Fjærestad fortel:

«Eg arbeidde på Balestrand Statsrealskule frå 1966-1968 etter at eg var ferdig med Lærarskulen på Stord. Eg var klassestyrar for ein klasse. Det kristne skulelaget minnest eg som ein stor flokk kjekke ungdommar leia av studentlærar Olav Sæter. Då han skulle slutte etter eit år, kom han og spurde om eg kunne hjelpe dei. Dette blei ei utfordring for meg, som hadde hatt andre interesser. Eg tok likevel på meg ansvaret. Eit av dei første minna frå Laget Logos, var då vi reiste på stemne på Lyngmo på Hafslo. På turen innover song vi mellom anna «Han tek ikkje glansen av livet den frelsar som kallar på deg» og andre songar. Songboka i Laget heitte «Kristen sang.»

Ein dag i veka kom dei ned på hybelen ned til meg. Husvertinna fann seg i at mange ungdommar «inntok» loftet på «Turistkafeen». Ho var ei kristen kvinne, så ho sa ikkje noko på det. Det var ganske fullt. På møta elles spelte Åge Mundal gitar og Laila Oppedal frå Viksdalen (1967-69) trekkspel. Nokre av songane vi song på samlingane var: «O, Jesus, åpne du mitt øye, så jeg på se hvor rik jeg er», «Hvilken venn har i Jesus, alt han vet og alt formår. Tyngste byrde han oss letter når i bønn til ham vi går.» Dei som ville, kunne lese opp eit bibelvers dei hadde vorte minna om, t.d Salme 32,8 «Jeg vil lære deg og vise deg den vei du skal gå, jeg vil gi deg råd med mitt øye.»

Laget hadde møte på skulen, var med på gudstenester med sokneprest Johannes Ofstad, og hadde møte på bedehuset. Det var mange hyggelege samvær, festar og morosame episodar som blir for langt å fortelje her. Vi hadde og mange diskusjonar. Vi diskuterte vanskelege spørsmål frå Bibelen, bl a. Den Heilage Ande, nådegåvene og «adiafora». På den tida var aktuelle adiaforaspørsmål til dømes «Er det synd å danse eller å gå på kino?» eller «Kan eg som jente gå med bukse i kyrkja?», hugsar eg.

«Det var ei brytningstid der alle skulle finne sin kurs i livet, si utdanning og sitt yrke. Av og til var det naudsynt

Nystarta skulelag på Sagatun skule

Som Kjersti skriv, er det starta opp eit kristent skulelag knytt til Laget/NKSS på ungdomssteget på Sagatun skule. Det er elevane sjølve som har teke initiativet og har sendt søknad til skulen om å få bruke eit klasserom til «elevstyrt aktivitet». Denne søknaden måtte via Sogndal fordi skulane «tjuvstar-tar» kommunesamanslåinga frå hausten 2019. Løyve til å bruke klasserommet er gjeve, men dei unge ventar framleis på bruksreglar for klasserommet som må innom både foreldre- og skuleutval før dei får starte.

Elevane ynskjer å få til samlingar i matfriminuttet onsdagar og har allereie hatt bakekveld og overnatting. Like etter nyttår reiser fleire av dei ei helg på leiarkurs på «Lagshuset» i Bergen. Det vert med ein forelder på denne leiren, og dersom det er fleire som ynskjer å vere med, er det berre å ta kontakt med leiar Annlaug Åm Risa (15) i 10. klasse.

å korrigere kursen» seier Aslaug Fjærestad. I dag vil eg helse dykk med desse to orda frå Bibelen. «For om fjella vik og haugane vaklar skal min godleik aldri vika frå deg. Mi fredspakt skal ikkje vakla, seier Herren som viser deg miskunn» (Jesaja 54,10) og «Herren din Gud er hjå deg, ein helt som frelser. Han jublar over deg med fryd» (Sefanja 3,17).

Vi var unge og ivrige og ikkje alt var like velovervegd av det vi hevda. Men vi lærte mykje om Bibelen, om styre- og samarbeid, og om å stå fram og seie noko til andre.

Eg veit ikkje når dette skulelaget starta opp, men det var framleis skulelag ved realskulen vinteren 1972-73 då eg arbeidde som «Eittåring» i KFUM og K i kyrkjelyden i Balestrand. Då var nokre frå skulelaget ei god stamme og hjelparar for meg i arbeidet med både i Ungdomsklubben som heldt til i resepsjonen på Kviknes Hotell og i Ten Sing. Det var sokneprest Thorbjørnsen som starta ungdomsklubben, og som fekk ordna det slik at klubben fekk lov å vere på Kviknes Hotell.

Tida i det kristne skulelaget var verdifull for oss som var med. Og når eg no høyrer at det er starta opp eit kristeleg skulelag på ungdomstrinnet ved Sagatun skule, ynskjer eg dykk lukke til og Guds signing over arbeidet. Håpar de óg opplever kameratskap, og har det moro samstundes som de lærer Jesus Kristus å kjenne. Han er ein fin og trufast ven å ha med i livet.

Kjersti Brudvik



Dugnader

I ein situasjon med trong økonomi både i kommune og sokn spelar dugnader ei viktig rolle. Det har vore fleire dugnader i 2018.

På kyrkjegardane var det tid for dei årlege vårdugnadene 16. april på Sæle kyrkjegard (dei øvste to bileta) og 24. april på Tjugum kyrkjegard. Takk til alle som stilte opp og deltok i vårryddinga før konfirmasjonane!



På Tjugum kyrkjegard var gangvegane mellom dei nye gravfelte svært tilgrodde av gras og mose. – så mykje at det ikkje varr noko poeng i å sprøyte. No har vi teke i bruk også dei «innerste» gravfelte på den nye delen av kyrkjegarden, og her var kantane langs gangvegane svært tilgrodde på dei over 20 åra sidan desse var tekne i bruk. Den 25. juni var det dugnad for å reinske og reinskjere kantstein, skrape av vegetasjon og grus i gangvegane og legge ny grus. Her hadde vi god hjelp av lokale entrepenørar som sponsa oss: **Lidal Vedlikehold og Service gav fri bruk av gravemaskin** som vart nytta ved fjerning av grus og **Jan Inge Høydal gav eit lastebillass med ny grus**. Dei gjorde det mogeleg å få gjennomført jobben sjølv om vedlikeholdsmidlane var oppbrukte og dette er noko soknerådet er svært takksame for. Sokneråd-sleiar Helge Ulvestad leia dugnaden og hadde med seg traktoren sin som vart ført med trygg hand av Anders Stølen Mæland. Fisseha W. Andemichael, Jostein Risa og Joakim Bang Larsen gjorde også ein god innsats denne flotte ettermiddagen.



Gangbrua til reiskapshuset på Kvamsøy var farleg å bruke - ho var så roten at det var trakka gjennom. I starten av november vart det laga ny av materialar frå ei anna gangbru som vi fekk frå presten i Ese. Takk til dei som har delteke på synfaring, transport og bygging: Helge Ulvestad, Tore Brudvik og Hans Olav Dale.



KONFIRMAN* 2019

Det nye konfirmantkullet på tretten flotte ungdommar vart presenterte for kyrkjelyden 19. august. Idrettslinja på Sygna har no tradisjon for å sparke konfirmantåret med eit «Kick-Off» for konfirmantar frå fleire kommunar. Her vert dei betre kjende gjennom ulike fysiske aktivitetar og teamarbeid. Andakt og middag høyrer også med.

Ung messe: Torsdag 13. september vart ei haustkald engelskkyrkje varma av oppglødd song og forkynning. Trass plaskregn møtte totalt 61, av dei 41 ungdommar pluss sju frå mellomtrinnet. Konfirmantane deltok aktivt i gudstenesta i tillegg til åtte andre ungdommar som delte oppgåvene som klokkar, organist, forsongarar og kyrkjevertar. Ungdomsprest Andreas Danbolt frå Sogn-dal leia gudstenesta.

Konfirmasjonsundervisninga går føre seg utandørs i gapahuken ved Ja-steinen, leia av prost Kjetil Netland. Foreldre deler på å hjelpe til praktisk. Våren 2019 vert det konfirmasjonsgudsteneste i Tjugum kyrkje **søndag 12. mai.**



Servise til kyrkjestova

Framhald frå side 17

Eit overslag over totalkostnaden til planlagde innkjøp er totalt ca 40.000 for eit fullt utstyrt kjøken med servise og utstyr til ulike høve:

- Kyrkjekaffi 20 -80 personar. Kaffikopp og asjett. Teskeier, Vanlege drikkeglas. Knivar og kakepadar.
- Trusopplæring 10-30 personar- frukt, gjærbakst, pølser, supper, graut, gryterett. Treng store gryter til oppvarming, frukosttallerkar eller djupe tallerkar. Serveringsfat, auser osb.
- Utleige til minnestund, dåpsfeiring, konfirmasjonsmiddag og møte: 15-65 personar. Fullt kaffi- og middagsservise med flate og djupe tallerkar, bestikk, stettglas, serveringsfat, suppeterin og skåler.

Mykje vil verte kjøpt frå storkjøkkenkjeden Culina der vi har rabatt via KNIF (Kristen-Norges innkjøpsfelleskap). Det er også lagt opp til innkjøp av eit skåp til lageret for oppbevaring av det som ikkje får plass på kjøkenet. Det står 24.000 kr av tidlegare gåvemidlar til kyrkjestova på fond og i tillegg har det kome inn gåver i laupet av året slik at det ser ut til å mangle ca 12.000 kr.

Det er usikkert kor mykje utleige det vil bli, men soknerådet vurderte at utan servise vert det i alle fall lite. Det har til no vore ei dåpsfeiring og ein konfirmasjonsmiddag i kyrkjestova (ca 30 gjester) der leigar har hatt med servise sjølv. Kjøkenet er ikkje så stort, så oftast vil ein nok få levert eller ha med seg mat. Dersom nokon først har brukt lokalet til eit arrangement (t.d. ei minnestund med snittar eller betasuppe) og det fungerer greitt, kan det kome fleire.

Kyrkjestova - utbetringar og gåver

I februar 2018 snekra leiar i kyrkjestovenemnda, Helge Eilifsen, veggghyller på lageret og fekk hengt opp eit fint brukt stellebord på toalettet, gjeve av familien Kleppe-Holgersen. No i desember kjem det fire høge barnestolar til dei yngste borna, finansiert av ei øyremerka gåve.

Balestrand bygdekvinnelag avslutta drifta for ei stund sidan, og det vart avgjort at resten av midlane til laget skulle gjevast som ei gåve til Kyrkjestova, totalt 2.624 kroner. Soknerådet er takksame for alle gåver. Hovudprosjektet no er innkjøp av servise og kjøkenutstyr. Bruk gjerne kyrkjestovekontoen 3705.13.19711 dersom du ynskjer å bidra!



Glimt frå trusopplæringa

ved Magni Åm Risa

Minikonfirmantleir

20.-22. april vart det arrangert Minikonfirmantleir på Alværa Misjonssenter i Lavik. I tillegg til kyrkjelyds-pedagogen var Annlaug Åm Risa og Melissa Bernecka Neset med som ungdomsleiarar. Vi hadde ei super helg i lag med andre minikonfirmantar frå Ytre Sogn.



Tårnagentar

Laurdag 14. april myldra både kyrkjestova og Tjugum kyrkje av tårnagentar. Vi kan sjølvsagt ikkje røpe for mykje av treningsopplegget til agentane, men etter eit praktisk innføringskurs, utforska dei femten andre- og tredjeklasseagentane teikn og symbol i kyrkje og tårn og fann forsvunne skattar. Dagen etter deltok dei på gudstenesta med både song og dramatisering. Takk til alle dei gode hjelparane: Rut Solveig, Tore, Helga og Gunvor.

Foto på desse to sidene: Jostein Risa, Magni Åm Risa og Lisa Grinde.





Junigudsteneste

2. juni feira vi semesterslutt med ei innhaldsrik gudsteneste for born og unge med fokus på Guds Ord. 6-åringane fekk utdelt Bibel, Baluba song. Mini-konfirmantane (5. kl) og SLUSH-deltakarane (søndagsskulens leiarkurs) fekk diplom. Tina Birkholm som til vanleg bur i Canada, var gjestetalar og og fortalde likningane frå Bibelen om skatten og perla. Anna Paulina fekk pokal som vinnar av Visdomskjelda våren 2018. Alle deltakarane hadde fått ei perle for kvart vers dei lærte seg, og med hennar 335 perler vart det eit langt perlekjede. Dette synlegger at det er verdifullt å lære seg Guds ord – som perler på ei snor.



Nestenåring

Vi er no i vårt niande år med Nestenåring. Nett no er det ein flott gjeng frå 5. til 8. klasse som er med cirka ein fredag i månaden. Vi møtest på bedehuset til leik, mat og samtale om tru og ulike bibeltekst. Det er kjekt å utfalde seg i lag, både fysisk og åndeleg. Før sommaren var det avslutning med «ultimate freesbee» og slåball på Kreklingen stadion, grilling og møte med bibelske personar langs turstiane.



Berre livet igjen



KIRKENS NØDHJELP
actalliance

Eit barn er fødd i Somalia, der tørke tek liv og sender folk på flukt. Kirkens Nødhjelp er på plass med reint vatn og anna naudhjelp. Årets viktigaste julegåve kan redde liv.

Familien til vesle Farah Abdi levde eit enkelt, men godt nomadeliv langt ute i den golde somaliske ørkenen. Fire år med samanhengande tørke har teke frå dei alt, unntatt håpet.

– Eg kan ikkje anna enn å be om at Gud held ei hand over barna mine, seier seksbarnsmora Nuru. Det er trøgt inni det glovarme teltet. Nuru Xirsi Elmi Farah stryk dottera Farah Abdi forsiktig over panna. Tre storebrør på fire, fem og sju, kikkar på den fire veker gamle veslesystera si. Elles rører dei seg knapt, og blikka er tunge og sorgtunge. Leik og latter er heilt fråverande.

To millionar på flukt

– Me hadde 70 geiter, og levde eit godt liv. Om ikkje mykje, hadde vi det vi trengte for å klare oss, seier Nuru. Men så fortel ho om vende-punktet, og kallar dei fire siste åra for «ulukka».

Dei fire siste åra har store delar av Somalia knapt fått regn. Det øydelegg jordbruk og husdyrhald, som er levebrødet for millionar av menneske i det brunsvide landet på Afrikas Horn.

5,4 millionar er avhengige av hjelp. 1.2 millionar born er sterkt underernærte, og meir enn 2 millionar er på flukt frå tørke, men også konflikt. Kirkens Nødhjelp syter for reint og trygt drikkevatt i mange av dei hardast ramma områda. Som her i flyktningleiren Jilab 3 i Garowe, provinshovudstaden i Puntland.

Døydde utan vatn

– Alle dyra våre døydde, vi hadde ikkje vatn eller mat å gi til borna våre. Vi var nøydd til å flykte, og enda opp i denne leiren for snart eitt år sidan. Vi kom hit til fots. 60 kilometer i steikande varme. På slutten besvimte eitt av borna mine, og vi måtte ha hjelp det siste stykket. Her i leiren får vi i det minste alt vi treng av vatn. Utan det hadde vi ikkje klart oss. Då hadde vi vore døde saman med geitene våre ute i ørkenen, seier Nuru.

I dag sender ho sju år gamle Mohamed ut etter vatn. Det kjem frå Kirkens Nødhjelps borehol som er fleire hundre meter djupt.

Kan ikkje gje opp

Ektemannen er i byen for å prøve å tene nokre få slantar, og alle må hjelpe til for at mor skal få tid og litt ro med si nesten nyfødde dotter.

– Eg håper vi ein dag kan vende tilbake til livet vi hadde, til eit normalt liv der vi klarer oss sjølve og ikkje er nøydd til å tigge for å overleve. Vi har ingenting, men kan ikkje gi opp håpet. Og eg kan lite anna enn å be om at Gud held ei hand over borna mine. Dei er det kjæraste eg har i livet. Og med Guds vilje skal ingen få ta dei frå meg.

Framleis manglar eitt av ni menneske i verda tilgang til reint vatn. Med ei julegåve på 200 kroner til Kirkens Nødhjelps juleaksjon kan du sikre reint vatn til eitt menneske. Reint vatn reddar liv og forandrar liv.



Vesle Farah Abdi vart fødd midt i tørkekatastrofen som tek liv og sender millionar på flukt i Somalia. Mamma Nuru Xirsi Elmi Farah seier at familien har mista alt, men det reine vatnet har redda liva deira, og kjærleiken til barna gir håp. Foto: Håvard Bjelland/Kirkens Nødhjelp.



Vesle Farah Abdi bur i eit telt i flyktningleiren Jilab 3 i Puntland. Her med mamma Nuru og storesyskena Muhobo (3), Mohamud (4), Ahmed (5), Mohamed (7) og Fadumo (8).



Slik gir du årets viktigaste julegåve:

- Vipps eit valfritt beløp til 2426
- Send GAVE på SMS til 2426 og gi 200 kroner
- Gavekonto: 1594.22.87248

Kyrkjelydspedagogen si side

«For meg er det godt å vera nær Gud. Eg har teke mi tilflukt til Herren Gud. Eg vil fortelja om alle dine gjerningar.» Salme 73,28

Hei, eg heiter Magni og er så heldig å få jobbe i kyrkja i Balestrand. Her er det mange spennande oppgåver. I løpet av hausten har eg fått treffe mange flotte folk og delt ulike bibeltekstar om korleis Gud er med oss i alle situasjonar.

Ein **måndag** ettermiddag besøkte eg ein herleg gjeng på Kvardagsskulen i Fjordane der vi leika og erfarte korleis lovsong kan sette oss og andre fri gjennom historia om Paulus og Silas i fengselet. (Ap.gj.16, 23-34)

Ein **tysdag** fekk eg øve i lag med Baluba. Her song dei om Moses og Jona og det var stort engasjement og full innsats i førebuinga til hausttakkegudsteneste!

Ein **onsdag** føremiddag var eg invitert til lagssamling (NKSS) på Sagatun ungdomsskule. Elevar frå 10. og 8. klasse tok alt ansvar for leiing, mat og organisering, mens eg var utfordra til å dele nokre bibelvers. Det var ei ære å få vere i lag med desse flotte ungdommane og eg ynskjer dei alt godt i det vidare arbeidet!



Same onsdag ettermiddag underviste eg om Daniel til 25 engasjerte born på Addis. Vi reflekterte rundt kva gode vanar har å seie i kvardagen og kva konsekvensar dei har vidare i livet. Tenk at på grunn av Daniel sine bønnevanar fekk «heile verda» høyre om «den levande Gud»! (Daniel 6, 11 + 27-28)

Ein **torsdag** fekk eg dele historia om Noa og synge «Ro, ro, din båt» og mange andre songar i lag med foreldre og born på Babysong. Det var god stemning på Helsestasjonen og tid for både pludring, prat og mat i tillegg til songen. Kjekt å sjå nye balestrendingar vekse til!

Ein **fredag** i månaden er det Nestenåring. Her et vi og leikar i lag og lærer meir om Bibelen. Dette året ser vi nærare på fakta om samfunnet, kulturar, tradisjonar og folkeslag vi møter i Bibelen. Gjennom dramatisering har vi blant anna testa ut romarane si rolle i Jesu død og oppstode (Matteus 27,11-31 + 45-54).

Ein **laurdag** var det samling for 4-åringane i Kyrkjestova. Vi åt graut i lag og blei betre kjent med Gud som skapar. Alle laga kvar sitt halsband med «Skapt av Gud ©» på. Tenk at Han som skapte heile universet også skapte deg og meg! På **søndagen** feira vi haustakkegudsteneste i Tjugum kyrkje der 4-åringane fekk si eiga kyrkjebok og fekk synge «Eg takkar deg for at eg er så underfullt laga» saman med Baluba.

No er adventstida i full gang, og eg får lov å formidle juleevangeliet i barnehagen, på småskulen og på mellomtrinnet, mens presten besøker ungdomsskulen. Det er kjekt og meningsfullt med slike juletradisjonar. Borna er levande engasjert i både forteljinga og songane.

I tillegg til desse besøka arrangerte vi adventsgudsteneste for dei aller minste i Tjugum kyrkje onsdag 5. desember, der vi blant anna song: «Guds fred og vel møtt, du barn som er født! Vår Fredsfyrste høgt vere lova!»

Takk for alle gode møtepunkt i haust, håpar vi treffest igjen i det nye året!

Julehelsing frå Magni ☺



Louise Nilsson har avslutta tenesta som diakonimedarbeidar i Balestrand

Louise Nilsson slutta i sommar etter å ha vore tilsett i ei 12 prosent stilling i over 2,5 år. I starten i kortare engasjement hausten 2015 og våren 2016, så i fast stilling i nesten to år frå august 2016 til sommaren 2018 då ho sa opp i samband med tilbod om auka stilling på Sygna. Hovudprosjektet har heile tida vore Kafé Møteplassen som var Louise sin idé og noko ho verkeleg brann for. Kafeen har vore eit viktig integreringstiltak i Balestrand i samband med flyktningane som har kome hit siste åra – men også for andre balestrendingar. Louise har trivest godt i tenesta og er særskilt takksam for alle dei flotte folka ho har fått bli kjent med. Louise vart takka for innsatsen i samband med gudstenesta 4. november og fekk eit bilete av Bjørg Bjøberg i avskilsgåve. Stillinga vert no lyst ut att (sjå stillingsannonse side 8) og det er ope for nye eldsjeler som brenn for eit diakonalt prosjekt!



57 69 42 40

www.midtnes.no

Tenk lokalt

Balestrand blir Sogndal kommune om eitt år. Bygger vi opp lokale tiltak, vil vi få sterkare identitet som balestrendingar. *Støtt lokale tiltak*

Velkomen til galleriet til Bjørg og Arthur



Balestrand Taxi

Tlf. 959 56 113

TAXI *Frankén*

mob. 959 86 000

Turbussar

Vi tilbyr også 10- og 17-setars bussar med plass til rullestol samt store turbussar med 49 seter.

Ytre Sogn graverdsbyrå A/S



Hjelp til alle tenester ved dødsfall

GRAVMONUMENT - SKRIFTHOGGING

Døgnvakt telefon:

577 14 700 / 959 86 000

VIK ELEKTRO

Rune Målsnes

6893 VIK I SOGN

TV - Kvittevarer

Solskjerming - Glasservice

Mobil: 906 16 260

E-post: rune@vik-elektro.no

www.vik-elektro.no

BilXtra
verksted

Balholm Auto AS

Holmamyrane

6899 BALESTRAND

Godkjend bilverkstad

Tlf. 57 69 11 13

Sogn
gravferdshjelp

Telefon heile døgnet: 57 68 14 77

Kjell Grønli, Ingar Husum, Hege Urnes, Hans Magne Kvåle.



HARALD TJUGUM

Dragsvik 17

6899 Balestrand

M: 911 28 133

VIER HER.
ALLTID.



22 40 00 40

Nummedal
Gravferdsbyrå as

Yter all hjelp ved dødsfall og gravferd.

Døgnvakt telefon: 57 69 57 55



Tlf. 57 69 15 22

Denne gongen er det vi som har

køyr ut kyrkjelydsbladet!

Ta kontakt om du treng

distribusjon.

GOD JUL!



Sognekraft
- set krefter i sving

www.sognekraft.no - P.b. 3, 6891 Vik i Sogn - post@sognekraft.no

Bademiljø
BEST PÅ BAD



BADEMILJØ
Fjorevegen 25
tlf. 952 13 717
6896 SOGNDAL

Ingen jobb for liten -
ingen jobb for stor



Vi har røyrliggjar
stasjonert i Balestrand
sentrum.

Ta kontakt ved forespørsel av
oppdrag.

Mobil 952 13 717

bent@bentvikoren.no

Konfirmantar i Balestrand 10. mai 2018



Frå v.: Konfirmantlærer Gunn Berit Bøthun, Prost Kjetil Netland, Iselinn Raquel Castrillon Bjørnevoll, Simon Nokken Kleive, Melissa Bernecka Neset, Johannes Bugge Myklebust, Annlaug Åm Risa, Erik Petzsche, Johanna Sundgot Sunde, Sebastian-Nikolay Kerschbaumer, Torje Grøneng, Johannes Dale, Sogneprest Audun Systad (no i Hyllestad), Noh Fisseha Weldeyohannes og konfirmantlærer Laila Vang. Foto: Jostein Risa.

I GLEDE OG SORG

Døpte

Sigrid Menes Lunde

15.04.2018 i Tjugum kyrkje

Tobias Johnstad-Ødemark

15.07.2018 i Tjugum kyrkje

Emma Grinde (høyrer til Fyllingsdalen sokn)

06.10.2018 i St. Olafs kyrkje

Vigde

Amalie Sæle og Eivind Drageset Vedlog

18.08.2018 i Tjugum kyrkje. (Bur i Indre Arna)

Thea Frodesdotter Holden og Nils Martin Holden

23.06.2018 i St. Olafs kyrkje

Nina Joice Midttun og Ole Petter S. Mowinckel

12.05.2018 i St. Olafs kyrkje. (Bur i Oslo)

Døde

21.06.2018 Aagot Aarskog f. 07.12.1912

Gravferd frå Tjugum kyrkje 29.06.2018.

06.07.2018 Freya Elsa Anna Smith-Hald
f.20.07.1924.

01.09.2018 Vivian Mehl f. 12.07.1927
Bisetjing frå Møllendal kapell, Bergen.

03.11.2018 Judit Berit Sundfjord f. 16.03.1938.
Gravferd frå Tjugum kyrkje 09.11.2018.

08.12.2018 Arve Svein Farnes f. 15.12.1951
Gravferd frå Tjugum kyrkje 17.12.2018

Utgjevar/Avsender:
Balestrand sokneråd
Sjøtunsvegen 6
6899 BALESTRAND

Velkommen til gudsteneste

16.des, 3. s. i advent	TJUGUM KYRKJE kl.18.00. Julekonsert med lokale kor og solistar. Andakt av Kjetil Netland. Takkoffer til lokalt kyrkjelydsarbeid ved utgangen.
23.des, 4. s. i advent	FJORDTUN OPPVEKSTSENTER kl.11.00 Gudsteneste ved Kjetil Netland. Takkoffer til lokalt kyrkjelydsarbeid. Deltaking av kvardagsskolen og konfirmantar. Kyrkjekaffi.
24.des, Julaftan	HELSETUNET kl.11.00 Gudsteneste ved Ole Agnar Helland.
24.des, Julaftan	SÆLE KYRKJE kl.14.00 Gudsteneste ved K. Netland. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.
24.des, Julaftan	TJUGUM KYRKJE kl.16.00 Gudsteneste ved Netland. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.
25.des, Juledag	TJUGUM KYRKJE kl.12.00 Høgtidsgudsteneste ved Kjetil Netland. Nattverd. Takkoffer til Det Norske Misjonsselskap (misjonsprosjekt i Mali). Barnesamling.
31.des, Nyårsaftan	ST. OLAFS KYRKJE kl.23.00 Midnattsgudsteneste ved Kjetil Netland. Takkoffer til Vener av St. Olafs kyrkje. NB! Ikkje oppvarma kyrkje - hugs varme klede!
6.jan, 3. s.i openberringstida	SÆLE KYRKJE kl.11.00 Gudsteneste ved Kjetil Netland. Nattverd. Takkoffer til Lokalt kyrkjelydsarbeid. Barnesamling. Kyrkjekaffi.
13.jan, 2. s.i openberringstida	TJUGUM KYRKJE kl.11.00 Gudsteneste ved Runar Matsui-Li. Nattverd. Takkoffer til Norsk Luthersk Misjonssamband (NLM). Barnesamling. Kyrkjekaffi.
27.jan, 4. s.i openberringstida	TJUGUM KYRKJE kl.11.00 Gudsteneste ved Kjetil Netland. Utdeling av biblar til 11-åringar. Oppstart MINI-konfirmantar. Takkoffer til Bibelselskapet. Kyrkjekaffi.
3.feb, 5. s.i openberringstida	SÆLE KYRKJE kl.11.00 Gudsteneste ved Runar Matsui-Li. Nattverd. Takkoffer til Det Norske Misjonsselskap (misjonsprosjekt i Mali). Barnesamling. Kyrkjekaffi.
10.feb, 6. s.i openberringstida	TJUGUM KYRKJE kl.11.00 Gudsteneste ved Kjetil Netland. Nattverd. Takkoffer til lokalt kyrkjelydsarbeid. Barnesamling. Kyrkjekaffi.
24.feb, Kristi forklaringsdag	TJUGUM KYRKJE kl.11.00 Gudsteneste ved Runar Matsui-Li. Nattverd. Takkoffer til Stiftelsen P22. Barnesamling. Kyrkjekaffi.
3.mar, Fastelavnsøndag	SÆLE KYRKJE kl.11.00 Gudsteneste ved Runar Matsui-Li. Nattverd. Takkoffer til Misjon uten grenser. Barnesamling. Kyrkjekaffi.
10.mar, 1. s.i fastetida	TJUGUM KYRKJE kl.11.00 Gudsteneste ved Kjetil Netland. Nattverd. Takkoffer til Ungdom i Oppdrag. Barnesamling. Kyrkjekaffi.
24.mar, Maria bodskapsdag	TJUGUM KYRKJE kl.11.00 Gudsteneste ved Kjetil Netland. Nattverd. Takkoffer til lokalt kyrkjelydsarbeid. Barnesamling. Kyrkjekaffi. NB! ÅRSMØTE (soknemøte) for kyrkjelyden etter gudstenesta med orientering om arbeidet og truleg vedtakssak om tal medlemer i soknerådet som skal veljast i 2019.
7.apr, 4. s.i fastetida	TJUGUM KYRKJE kl.11.00 Gudsteneste ved Kjetil Netland. Utdeling av diplom til MINI-konfirmantane. Takkoffer til lokalt kyrkjelydsarbeid. Kyrkjekaffi.
14.apr, Palmesøndag	FJORDTUN OPPVEKSTSENTER kl.11.00 Gudsteneste ved Kjetil Netland. Takkoffer til Søndagsskolen Norge. Kyrkjekaffi.
18.apr, Skjærtorsdag	BEDEHUSET kl.19.30 Nattverdsamling med kveldsmat. Nattverd ved Kjetil Netland.
19.apr, Langfredag	SÆLE KYRKJE kl.11.00 Pasjonsgudsteneste ved Kjetil Netland.
21.apr, Påskedag	TJUGUM KYRKJE kl.11.00 Høgtidsgudsteneste ved Kjetil Netland. Nattverd Takkoffer til Wycliffe Norge (bibelomsetjing).Barnesamling.

Atterhald om endringar. Oppdatert gudstenesteplan finn du alltid på nettsida balestrand. kyrkja. no